



Radøy kommune ligg sentralt plassert i Nordhordland, og grensar i sør til Lindås kommune og i nordaust til Austrheim. Kommunesenteret Manger ligg ca 50 kilometer nord for Bergen, og ca 35 kilometer frå Mongstad.

Radøy kommune er kjend som den grønne øya, men består til saman av 269 øyer, holmar og skjær. Tilnamnet har kommunen fått på grunn av det frodige, grønne natur- og kulturlandskapet som går heilt ned i sjøkanten.

Radøy kommune er ein kommune i vekst, og runda i 2012 5000 innbyggjarar. Me har eit godt, desentralisert skule- og barnehagetilbod, og tilbyr gode tenester innan alle fagområde. Ynskjer du å bu i Radøy kommune, kan du også gleða deg over eit rikt kulturliv.

Barnevernkonsulent

Kort om stillinga

Ledig fast 1/1 stilling som barnevernkonsulent frå og med 01.09.2017.

Om arbeidsstaden

Barneverntenesta består av leiar, fire sakshandsamarar og ein familierettleiar. Tenesta er samlokalisert med og deler ei merkantil stilling med PPT og psykisk helse.

Ansvar / arbeidsoppgåver

- sakshandsaming etter Lov om barneverntenester og forvaltningslova
- undersøking/ utredning
- iverksetting og oppfølging av barn og familiar med hjelpe- og omsorgstiltak
- tverrfagleg samarbeid
- råd og rettleiing til barn/ungdommar og deira familiar

Kompetanse

Treårig høgskule barnevernpedagog eller sosionom. Gjerne med relevant vidareutdanning. Erfaring med sakshandsaming etter Lov om barneverntenester vil bli vektlagd

Eigenskaper

- evne til å jobbe strukturert og målretta
- like å arbeide i team, men og ha evne til å arbeide sjølvstendig
- påliteleg og ansvarsbevisst
- fleksibel, engasjert og løysingsorientert
- høg fagleg integritet
- god skriftleg og munnleg framstillingsevne
- gode samarbeidseigenskapar
- god evne til kontaktetablering og relasjonsbygging
- kunne handtera stress og press på ein god måte
- evne til å vera audmjuk og å tenkja heilskapleg, kombinert med å visa tryggleik og ha gjennomføringsevne
- opptatt av fagleg utvikling og bidra til dette

Vilkår

Fast stilling Årsløn 1/1 stilling kr 373 700 aukande til 440 200,- etter 16 års ansiennitet. For særskild kvalifiserte søkarar kan anna avlønning vurderast.

- fleksitid, med kjernetid 09.00 - 15.00.
- det vert kravd politiattest før tilsetting.
- det er naudsynt å disponere bil og ha sertifikat kl B . Kjøregodtgjersle etter staten sine satser.

Me kan tilby

- spennande, varierte, utfordrande og meningsfylde arbeidsoppgåver
- sjølvstendig arbeid og teamarbeid
- opplæring, rettleiing og kompetanseutvikling
- godt arbeidsmiljø og fagmiljø, samt godt tverretatleg samarbeidsmiljø

Løn og vilkår i tråd med lov og avtaleverk. Svært god pensjonsordning i KLP .

Du kan sende søknad slik:

Radøy kommune ber alle søkjarar å søkja på stillingar elektronisk. For ytterlegare informasjon og rettleiing kring søknadsprossessen ta kontakt med sørvistorget på tlf: 56 94 90 00.

Nytt krav om politiattest i den kommunale helse- og omsorgstenesta . Den som får tilbod om stilling i helse og omsorg, skule, barnehage og barnevern skal levera politiattest ikkje eldre enn 3 månader.

Rett kopi av attestar og vitnemål kan lastast opp i søknaden men skal også bli tatt med ved evt. intervju.

Ved utfylling av CV bed vi deg om å fylle inn undervisningskompetanse under undervisningsfag, på denne måten vil vi best muleg få oversikt over din kompetanse.

Søknadsfrist 19.04.2017

Utlyst dato 30.03.2017

Vårref

136

Kontaktperson

Leila Torsvik, Leiar barneverntenesta, mobil: 95905066, leila.torsvik@radoy.kommune.no

Mette Fauskanger, Kommunalsjef Helse, omsorg og sosial, mobil: 92832296, mette.fauskanger@radoy.kommune.no